


30 personer møtte fram til stadnamnsamling i Uskedalen.

27.02.2020



Johan Feet har starta arbeidet med digitalisering og kartfesting av namn frå stadnamnsamlinga på 32 000 namn.

Det er merkbart stor interesse for innsamling og rett bruk av stadnamn i Kvinnherad. Etter ei oppstartsamling for nokre veker sidan, møter nær på 30 ressurspersonar frå heile kommunen til møte nr. 2 i Uskedal skule i går kveld. Audun Eik i Kvinnherad sogelag tek initiativet og leier møte. Peder Gammeltoft frå UiB var sjuk og måtte melda forfall. Johan Feet og Anita Lykkja frå Kvinnherad kommune hadde innleiing.

Kulturkonsulent Anita Lykka fortalde om arbeidet med Kulturminneplan, planprosessen og korleis lag, organisasjonar og andre kan vera med og påverka innhaldet og prioriteringane i planen. Uskedalen.no vil koma tilbake til kulturminneplan i eige innlegg.

Johan Feet er pensjonist, men har sagt viljug til å leia arbeidet med å digitalisera og kartfesta den store stadnamnsamlinga frå Kvinnherad som er arkivert på Universitetet i Bergen. Bakgunnen er den store og omfattande innsamlinga som vart gjort på 1970 og 1980 talet med Ragnvald og Oskar Guddal i leirollane. Samlinga utgjer om lag 32 000 namn.



Mellom 25 og 30 ressurspersonar var samla i Uskedal skule i går kveld.

Johan Feet synte og gav alle dei framømte eit innsyn i kommunen si kartløyising. Namna frå Statens kartverk ligg på plass, men kan rettast dersom dei er skrivne feil. Oppgåva no vert å kartfesta nye namn med rett plassering og rett skriftform. Metoden er enkel og alle kan gjera det. Dersom ein gjer feil, er det angreknapp. Retta kart vert så sende til Kartverket for ei vurdering og kvalitetssikring før det vert lagt ut for ålmugen.

Som døme synte Feet korleis han la inn namn som Håkon Bjørnebøle har registrert i område Midthølen, Bjørnebøle, Fjellhaugen og Blådalen. Kwart namn får ein raud prikk på kartet og dess meir du går inn i kartet med zooming, dess fleire namn kjem fram.

30 ressurspersonar står på Kvinnherad sogelag si liste for arbeidet med stadnamn. Fleire vil koma til. Målet er å finna personar med interesse for stadnamn i alle bygdelag. Til no er alle deler av kommunen representerte, frå Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy i nord til Borgundøy i sør.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal